

Bøn for kvar dag i veka I (etter BM i *Norsk Salmebok* 2013 ss. 1240-1242)

## SØNDAG

Himmelske Far,  
*lat namnet ditt helgast,*  
så ordet ditt vert forkynt  
klart og reint,  
og vi ærar namnet ditt  
i ord og gjerning.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

## MÅNDAG

Gode Frelsar,  
*lat riket ditt koma,*  
så du vert kjend  
mellom oss og alle folkeslag,  
slik at vi trur ordet ditt  
og lever med deg no og i æva.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

## TYSDAG

Visdomens Gud,  
*lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen,*  
så vi bøyer vår eigen vilje  
og legg alt i di hand,  
og du bryt alle vonde planar  
og all vond vilje i verda.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

## ONSDAG

Livgjevande Gud,  
*gjev oss i dag vårt daglege brød,*  
så alle får det dei treng  
til kropp og sjel,  
og vi deler med glede gåvene dine  
ut over heile jorda.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

## TORSDAG

Herre over forsoninga  
*tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar,*  
så du tilgjev oss  
og ikkje støyter oss vekk  
på grunn av syndene,  
og vi kan tilgje kvarandre.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

## FREDAG

Gud, du som vaktar og vernar,  
*lat oss ikkje koma i freistung,*  
slik at djevelen, verda og vår eigen natur  
får lokke oss til vantru og synd,  
men hjelp oss å vinne siger  
og halde fast på sigeren.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

## LAURDAG

Mektige Herre,  
*frels oss frå det vonde,*  
så vi kan verte frelse frå alt vondt  
på kropp og sjel,  
og i vår siste time  
få døy sæle vekk frå denne verda.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.